



Multiconsult Norge AS

Att:

Nesttunbrekka 99,
5221 NESTTUN

Radøy kommune Hordaland - Uttale til varsel om oppstart av detaljreguleringsplan for Toska campingsenter gnr43 bnr9 mfl

Vi viser til brev frå Multiconsult Norge AS datert 17.10.2019 om ovannemnde sak.

Føremål og planstatus

Føremålet med planen er å legge til rette for utleigehytter i staden for campingplass. Planområdet vert noko utvida i forhold til gjeldande plan for å få tilknytning til offentleg veg og turparkering, og del for å få ei betre arealutnytting. Planområdet er på ca. 51 daa. I gjeldande kommuneplan er området for ein stor del vist som fritids- og turisføremål. Reguleringsplan Toska camping plan ID 12061998000200 gjeld for området og vert erstatta av den nye planen.

Rolle, ansvar og medverknad

Fiskeridirektoratet er styresmaktene sitt rådgjevande organ innanfor fiskeri- og havbruksforvaltninga. I saker som får følgjer for desse næringane er det vårt ansvar å sikre deira interesser samstundes som vi skal sikre omsynet til det marine biologiske mangfaldet. Dei marine leve- og oppvekstområda, som til dømes gytefelt, er særleg viktige å ta vare på, slik at komande generasjonar også kan hauste frå havet.

Uttale frå Fiskeridirektoratet region Vest

Kystnære fiskeridata er registrert og kartlagt i vårt kartverktøy [Yggdrasil](#), som de finn på våre nettsider. I Hølen er det registrert ein kaste- og låssettingsplass. Vi har ikkje nyare informasjon om bruken av denne låssettingsplassen og ber om at bruken av den vert undersøkt nærmare med det lokale eller regionale fiskarlaget. Fiskarlaget Vest vert sett som kopimottakar til orientering om saka. Vi har elles ikkje merknadar til planen.

Vi ber om å få planen på høyring når den er klar for offentleg ettersyn.

Med helsing

Leni Marie Lisæter
seksjonssjef

Ina Giil Solheim
rådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift.



Mottakarliste:

Multiconsult Norge AS

Nesttunbrekka 99,

5221

NESTTUN

Kopi til:

Fiskarlaget Vest

Slottsgaten 3

5003

BERGEN

